



Notat

Dato: 07.04.2017
Arkivsak: 2015/5700-8
Saksbehandlar: stahaug

Til: Utval for opplæring og helse
Utval for miljø og samferdsel
Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Møteplan for fylkeskommunale organ 2018

Fylkesutvalet skal i møte 23. mai vedta møteplan for 2018. Saka omfattar møteplan for 2018 for fylkestinget, fylkesutvalet, dei faste utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret. Fylkesrådmannen sitt forslag vert med dette lagt fram for utvala til orientering. Ynske om endringar vil verta tekne omsyn til så langt det er mogleg av omsyn til den samla møteplanen.

Etter kommunelova § 32 er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. I delegasjonsreglementet – reglement for sakshandsaming pkt. 5 har fylkestinget delegert til fylkesutvalet å handsama møteplan for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Det har vore praksis at utkast til møteplan er vorte lagt fram som referatsak for utval for kultur, idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse og utvalet for miljø og samferdsel før fylkesutvalet gjer vedtek. Møte i andre utval og råd enn dei som er nemnde i reglementet pkt. 5 vert tekne med i trykt/elektronisk oversikt når organa har vedteke møteplanar.

Etter delegasjonsreglementet, del D. Delegasjon etter særlov pkt. 42, skal utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel gje innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling i saker knytte til

- komuneplanen sin arealdel og reguleringsplan
- reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å fremja motsegn i slike saker.

I forslaget til møteplan er det lagt opp til at dei månadlege møta har rekkjefølgje slik at utval for kultur, idrett og regional utvikling kjem etter møta i dei to andre utvala.

I møteplanen for 2017 har utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel møtedag i ei veke og utval for kultur, idrett og regional utvikling i veka deretter. Fylkesrådmannen føreslår eit tilsvarande opplegg for 2018. Det vert lagt opp til at utval for opplæring og helse har møte tysdagar og utval for miljø og

samferdsel onsdagar, slik det er i 2017. Møta i utval for kultur, idrett og regional utvikling er i 2017 i hovudsak lagde til onsdagar i påfølgjande veke. For 2018 føreslår fylkesrådmannen at utval for kultur, idrett og regional utvikling skal ha tysdag som møtedag. Dette vert gjort for å sikra at også innstillingane fra dette utvalet vil vera klare innan saksdokumenta til fylkesutvalet skal sendast ut. Målet er å redusera talet på utsendingar og helst unngå ettersendinga av innstillingar m.m.

Dei faste møtedagane for fylkesutvalet og dei andre utvala vert berre fråvikne når årsaka er samanfall med helgedagar eller særlege arrangement, konferansar og liknande.

For 2018 føreslår fylkesrådmannen at dei første møta i januar vert i veke 3, ei veke seinare enn det som har vore vanleg i mange år. Tilsvarande vert dei første møta etter sommarferien, lagde ei veke seinare enn i 2017. Det vil sei at dei første møta i august vert i veke 33.

På grunn av helgedagar og arrangement i mai 2018 vert møta i utval for opplæring og helse (OPHE) og utval for miljø og samferdsel (MISA) lagde til same dag, tysdag 15. mai. Møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vert lagt til torsdag 24. mai, dagen etter festspelopninga.

For å unngå å leggja møte i haustferien (veke 41), må hovudprinsippet for møteavviklinga avvikast i oktober. Då vil møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) koma i same veka som fylkesutvalet. Det same skjer i juni for å unngå å ha møte i same veka som dei to andre utvala eller i same veka som fylkestinget.

Det er eit krav i kommunelova § 45 at innstillinga til årsbudsjettet med alle forslag til vedtak skal leggjast ut til alminneleg ettersyn minst 14 dagar før den skal behandlast i fylkestinget. Dette er det teke omsyn til i tidsavstanden mellom fylkesutvalet i november og fylkestinget i desember.



MØTEPLAN 2018 – UTKAST

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Fylkestinget			6.-7.			12.-13.				2.-3.		11.-12.
Fylkesutvalet		1., 21.-22.		12.	3., 31.	21.		30.	19.-20.	25.	21.-22.	6.
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	23.	13.	20.	24.-25.	24.	19.		21.	11.-12.	23.	13.	4.
Utval for opplæring og helse	16.	6.-7.	13.	17.	15.	5.		14.	4.-5.	16.	6., 27.	
Utval for miljø og samferdsel	17.	7.-8.	14.	18.	15.	6.		15.	5.-6.	17.	7., 28.	
Administrasjonsutvalet		14.			30.				6.		15.	
Fylkesvalstyret*												

* 2018 er ikkje valår. Møte i fylkesvalstyret vert ved behov haldne i tilknyting til fylkesutvalsmøte.

Det er elles teke omsyn til følgjande:

Vinterferie for dei fleste skulane 26.2.-2.3.2018

Påske 25. mars – 2. april

Christiekonferansen UiB 2018 – xxx (25. april i 2017, dei siste åra har konferansen vore anten ein tysdag eller onsdag)

Kristi himmelfartsdag 10. mai

Nasjonaldag 17. mai

Pinse 20.-21. mai

Festspela 23. mai – 6. juni

Haustferie truleg veke 41, 8.-14. oktober

For 2018 vert det lagt opp til desse møtedagane for utvala:

Fylkesutvalet torsdag (+ evt. onsdag)

KIRU tysdag (veka før fylkesutvalet)

OPHE tysdag (veka før KIRU)

MISA onsdag (veka før KIRU)

Pga. helgedagar m.m. i mai 2018 vert møta i OPHE og MISA begge lagde til tysdag 15. mai, og møtet i KIRU til torsdag 24. mai, dagen etter festspelopninga.